

Innspel budsjett 2026 – frå anonym

Økonomi og skule.

Som forelder til ein elev på Hareid skule, er eg sjokkert over at det er snakk om å legge ned enten skulen på Hj.våg eller Bigset.

Det seiast at Hareid barneskule har plass til fleire elevar, eg lurar på korleis dei har tenkt det?! På Hareid skule er det fleire born med spesielle behov, som treng ekstra tilpasninga i kvardagen. Lærarane er allereie pressa til randen, å kvaliteten på læringa er dårleg. Verken dei som har vedtak på spesial-undervisning får dekt opp alle timane sine, å dei som følg vanleg læreplan får heller ikkje den opplæringa dei har krav på, for at ei grunn-bemannig på ta seg av dei med ekstra utfordringar.

No er det ein kamp om grupperomma på skulen, det er trange gangar, mangel på å oppbevare klede mm.

Skal det endrast på skulestrukturen må ein ta høgde for å lage eit budsjett som inneber ny skule, kostnada for vedlikehold av eit tomt bygg, kva det vil koste å busse ungane tur/retur. Ein må også tenkje på dei som ikkje kan ta buss av evt funksjonshemningar, dei har rett på taxi. Dette er også ein kostnad.

Ein må også ta høgde for ekstra ressursar, fleire vedtak, meir forebygging.

Helsing ein forelder som ofte har angra på at vi ikkje busette oss i ein mindre krins, rett å slett for at Hareid skule er for stor for dei mest sårbare borna.